

FORSKRIFTER FOR VASS- OG AVLØPSGEBYR

Vedteke i Førde bystyre den 17.12.09 med heimel i lov om kommunale vass- og kloakkavgifter § 3, og forskrift om begrensing av forurensinger, av 1. juli 2004, sist endra 15 desember 2005.

§ 1 Verkeområde

Denne forskrifta gjeld alle abonnentar i kommunen, sjå definisjon av abonnent i § 2, og den fastset utrekningsmåte og innbetaling av gebyr for dei kommunale vass- og avløpstenestene.

§ 2 Definisjonar

Abbonent:

- Eigar/festar av eigedom som er tinglyst med eige gards og bruksnummer, eller eige festenummer eller seksjonsnr (under felles gards og bruksnummer), som er knytt til kommunal vass- og/eller avløpsledning direkte eller gjennom felles tilkopling.
- Festar av eigedom der festeavtalen ikkje er tinglyst, men der festaren eig dei bygningane som er plasserte på tomta, og brukar festeretten slik det går fram av lov om tomtefeste.
- Eigar/festar av eigedom, som kommunen i medhald av §§65, 66 og 92 i plan- og bygningslova har sett krav om å vere knytt til vass- og avløpsledning

Eining:

- Med eining i denne forskrifta er meint buening. Definisjonen på buening/abbonent følgjer registreringsinstruksen i GAB.

Kombinasjonsbygg:

- Bygg med både bustader og næringsverksemd.

Kommunal vass- og avløpsledning:

- Ledningar som er kommunal eigedom ved at dei er kosta eller overteke av kommunen

Stikkledning:

Vass- eller avløpsledning for ein eller fleire eigedommar som er abonnenten sin eigedom, og som blir halde vedlike av abonnenten. Dersom ikkje anna er avtalt, er stikkledningen rekna frå og med tilkopling til kommunal hovudledning.

§ 3 Gebyrtypar

Følgjande gebyrtypar gjeld for både vatn og avløp:

- Tilknytingsgebyr
- Årsgebyr
- Gebyr for mellombels tilknytning

§ 4 Tilknytingsgebyr

Tilknytingsgebyret skal betalast:

- når eigedom med bygg på blir tilknytt offentleg vatn- og/eller avløpsnett
- ved førstegongs oppføring av bygg eller tilbygg, på eigedom som er tilknytt offentleg vass- og/eller avløpsnett.

Tilknytingsgebyra vert fastsett i høve til storleiken på bygningen.

Ved utviding av eksisterande bygg skal det betalast nytt tilknytingsgebyr dersom utvidinga eller nybygget fører til at totalt bruksareal på eigedomen overstig arealet i det gebyrtrinnet det tidlegare er betalt for.

Nytt tilknytingsgebyr vert då rekna som differansen mellom tilknytingsgebyra på dei to arealklassene. Det skal nyttast satsar som gjeld ved godkjent byggemelding for nybygget. Når bygning vert riven eller brenn ned, og det vert reist ny bygning på eigedomen, skal det nyttast same utrekningsmåte.

Storleiken på gebyret går fram av *gebyrregulativet*, som kvart år blir fastsett av bystyret.

§ 5 Årsgebyr

Fast og variabel del av årsgebyret

Årsgebyret for både vass- og avløpstenester skal betalast av alle som er abonnentar. Gebyret er samansett av to delar:

- fast del (abonnementsgebyr)
- variabel del (forbruksgebyr)

Årsgebyret skal reknast frå og med dato for bruksløyve/ferdigattest.

Fordelinga mellom fast del og variabel del i % av dei samla kostnadene til kommunen, blir kvart år fastsett i gebyrregulativet. Det same gjeld storleiken på fastdel og variabel del.

Fastdel

Alle abonnentar skal ha same storleik på fastdelen av årsgebyret.

For einebustad med inntil ei ekstra bueining, skal det likevel betalast berre eit abonnementsgebyr.

For burettslag, bustadsameige og kombinasjonsbygg med bueiningar, skal det betalast abonnementsgebyr for kvar bueining. Storleiken på abonnementsgebyret for ei bueining i burettslag, bustadsameige og bustader i kombinasjonsbygg med felles vassmålar, skal vere 50% av abonnementsgebyret for einebustader.

Blandingseigedomar med forretning, kontor og bustader, vil få eitt fastledd for kvar næringsdel. I tillegg vil kvar bueining få eit fastledd på 0,5 x fastledd.

Variabel del

Abonnentar med bustadhus og fritidshus betaler anten etter faktisk (målt) vassforbruk og pris pr. m³, eller stipulert forbruk basert på utrekna totale bruksareal på eigedommen i samsvar med NS 3940 og pris pr. m³. Omregningsfaktor for stipulert forbruk er sett til 1,2 m³/m² for

areal opptil 50 m² deretter 0,5 m³/m² for areal inntil 200 m². For areal over 200 m² blir det rekna 0,20 m³/m². Dette gjeld både bustader og fritidshus.

Følgjande bruksareal og vassforbruk skal leggjast til grunn:

Bruksareal (m ²)	Grunnlag for utrekning (m ²)	Stipulert forbruk (m ³)	
		Bustadhus	Fritidshus
< 90	70	70	35
90 – 200	170	120	50
200 – 350	275	150	65
>350	400	175	75

Næringseigedommar og offentlege verksemdar betaler forbruksgebyr etter faktisk (målt) vassforbruk og pris pr. m³. Forbruket blir målt med installert vassmålar.

For alle abonnentar gjeld at avløpsmengda blir rekna lik vassmengda, sjå likevel § 6.

§6 Frådrag eller tillegg i årsgebyret

Dersom avløpsmengda ein abonnent har er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan årsgebyret (forbruksgebyret) for avløp bli rekna ut på grunnlag av stipulert avløpsmengde, ev. kan avløpsmengda målast særskilt.

Restriksjonar for vassforbruk eller kortare avbrot i leveranse eller mottak av avløpsvatn gjev ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra.

§7 Om bruk av vassmålar

Den enkelte abonnenten må sjølv koste innkjøp og installasjon av vassmålaren. Kommunen fastset type og storleik på målar.

Installasjon og bruk av vassmålar skal vere i samsvar med § 9.

§ 8 Mellombels tilknytning

Mellombels tilknytning gjeld for bygg/anlegg som har innlagt vatn og/eller utslepp av avløpsvatn til kommunalt nett, men der bygget/anlegget berre skal nyttast i ein avgrensa periode.

Gebyret blir fastsett etter dei reglane som gjeld årsgebyr for næringsverksemd.

Mellombels tilknytning gjeld for opp til eitt år, med høve til å søkje om lenger tid.

Gebyr for mellombels tilknytning går fram av gebyrregulativet som kvart år blir fastsett av bystyret.

§ 9 Reglar for installasjon og bruk av vassmålar

For eigedom med symjebasseng og liknande over 3 m³, skal det installerast vassmålar som

registrerer det totale vassforbruket på eigedomen.

Bensin- og/ eller servicestasjonar med vaskeplass skal ha installert vassmålar som registrerer det totale vassforbruket på eigedomen.

Alle eigedomar med anna utnytting enn til bustadføremål skal ha montert vassmålar. Dersom ein eigedom er utnytta til fleire formål, avgjer rådmannen om det skal monterast vassmålar for heile eller deler av eigedomen.

For installasjon av vassmålar gjeld følgjande:

- All montering og vedlikehald av vassmålar skal utførast av godkjent aktør/ røyrleggar.
- Rådmannen bestemmer kva type vassmålar som skal nyttast i kvart enkelt tilfelle.
- Rørleggaren skal som ansvarleg for monteringa forsikre seg om at tilknytingsgebyret er betalt før montering vert utført, og skal etter montering melde frå til kommunen. Meldinga skal vere vedlagt skisse som syner plassering av målar og stoppekran.
- Kostnader med målar, montering og vedlikehald fell på abonnenten, og målareren vert ein del av det private anlegget.
- Vert ikkje pålegg om montering av målareren etterkome, kan vatnet avstengjast eller arbeidet utførast for abonnenten si rekning.
- Rådmannen har rett til å kontrollere både vassmålaren og tilknyttinga til det kommunale leidningsnettet.
- Målaren skal vere lett tilgjengeleg for avlesing. Blir ein målar skada eller sett ut av drift skal eigaren straks melde dette til kommunen. Det same gjeld dersom det er grunn til å tru at målareren tel feil.
- Dersom målareren er ute av drift eller viser feil resultat vert vass- og kloakkgebyr utrekna etter nærast målte samanliknbare periode. Manglar eit slikt samanlikningsgrunnlag, kan rådmannen fastsetje gebyret skjønnsmessig. I slike høve skal målareren reparerast eller skiftast ut snarast råd er for abonnenten si rekning.
- Det vert ikkje rekna gebyr for årleg avlesing av målar.

Dersom ein abonnent etter pålegg frå kommunen ikkje har fått montert vassmålar innan fristen, vert årsgebyret å rekne etter siste års stipulerte forbruk og m³-pris for vatn/ kloakk etter gjeldande regulativ fram til montering skjer.

§10 Innbetaling av gebyr

Abonnenten er ansvarleg for betaling av gebyra.

Eingongsgebyr for tilknytning må vere innbetalt før tilknytning skjer.

Årsgebyr blir kravd inn saman med andre kommunale gebyr, og blir fordelt over fire terminar pr. år. Ved bruk av vassmålar blir forbruksgebyret å betale a-konto basert på forbruket året før. Målaravlesing skjer ein gong i året, og avrekning vil skje i 1. termin året etter.

Gebyr for mellombels tilknytning og tilleggsgebyr blir fakturert særskilt.

Dersom vassforbruket til abonnenten har endra seg vesentleg frå siste målaravlesing, kan kommunen endre a-kontobeløpet. Abonnenten skal varslast før slik endring finn stad.

§11 Innkrevjing av gebyr

Krav på årsgebyr er sikra med lovpant i eigedommen etter pantelova sin § 6-1. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglar for innkrevjing av skatt.

§12 Vedtaksmynde

Vedtak etter denne forskrifta blir gjort av rådmannen.

§13 Sakshandsaming/Klage

Avgjerd etter denne forskrifta som er einskildvedtak, følgjer bestemmelsane i kap. IV-VI i forvaltningslova. Slike vedtak kan påklagast. Klagen skal sendast til rådmannen, og fristen til å klage er 3 veker.

Storleik på gebyra (*gebyrregulativet*) blir fastsett av bystyret. Dette er ei forskrift som ikkje kan påklagast, jf. kap. VII i Forvaltningslova.

§ 14 Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2010.